

Fra: [Arne Strand](#)
Til: [Ann Kristin Nes](#)
Kopi: [Connie Hovland](#); [Bente Nesse](#)
Emne: Byggeklart trafikktryggingstiltak ved Dingemoen
Dato: onsdag 5. februar 2020 12:38:13
Vedlegg: [2018-09-03_Dingemoen_detaliplan_\(L\)\(355732\).pdf](#)
[Trafikktryggingstiltak_Dingemoen_Detaliplan_\(L\)\(335084\).rtf](#)

Hei

Takkar for godt møte 3. februar 2020

På slutten av møtet diskuterte vi kort dei trafikktryggingstiltaka som kommunen no utfører i samband med at det vert bygt ny 1-10 skule på Dingemoen.

Litt forhistorie

Eksisterande trafikksituasjon i dette området var svært uoversiktleg med omsyn på trafikkavvikling. Det er mange skulebussar, drosjer, foreldre som køyrer borna sine til SFO, tilsette som skal parkere og born som går på skuleveg. Det er ei svært uheldig blanding mellom mjuke og harde trafikkantar innanfor eit begrensa område. Når den nye skulen står ferdig til skulestart i 2021 vil elevtalet på Dingemoen auke ytterlegare med om lag 110 elevar. Desse går pr idag på ungdomsskule i Dale. Trafikktilhøva på Dingemoen vil verte endå vesentleg forverra.

I samband med trafikktryggingarbeid lyste Fjaler kommune ut anbod på prosjektering av trafikktryggingstiltak for Dingemoen med tilliggande område. I prosjekteringsføresetnadane vart det stilt krav til tal samtidige bussar, drosjer, kortstoppsoner og parkeringsplassar for tilsette. Vagstad Prosjektservice (VPS) hadde beste tilbodet og har i samsvar med Statens vegvesen sine normalar utarbeidd plan for trafikktryggingstiltak og utarbeida konkurransegrunnlag for gjennomføring av entrepriser.

Løysinga vart å bygge nytt terminalområde med busstopp for 5 samtidige bussar, kortstoppsoner for av og stiging for personar som vert køyrt til skulen og parkeringsplassar for 60 tilsette. Langs fv 57 var det planlagt å flytte heva gangfelt til meir gunstig plassering for kryssingspunkt, belysing, sette ned fartsgrense til 40 km/t ved skuleområdet, montere fartsdumpar.

Fjaler kommune har innhenta tilbod på trafikktryggingstiltak som langt på veg vil løyse dei trafikale tilhøva ved skulen på Dingemoen

Tilbodet frå entreprenør hadde ein totalkostand på 10 771 331,- eks mva inkludert tiltak på/langs fv 57.

Fjaler kommune har inngått avtale med firmaet Åsen og Øvrelid as om bygging av ny terminal i samband med bygging av ny 1-10 skule. For å skille ut kostnader har prosjektet nytta stedkoder som etter tilbod frå entreprenør hadde slik fordeling:

- | | |
|--------------------|------------------------|
| A- Felleskostnader | kr 997 800,- eks mva |
| B- Terminalområde | kr 8 668 795,- eks mva |
| C- Fv 57 Opsjon. | Kr 1 104 331,- eks mva |

Stedkode C- Fv 57 Opsjon, er klart for gjennomføring av entreprenør men grunna manglande finansiering har ikkje Fjaler kommune tinga arbeidet i stedkode C utført av entreprenør.

Fjaler kommune ser saka slik at ved å gjennomføre planlagd tiltak ved/langs fv 57 samstundes med bygging av terminalområdet vert trafikktryggingstiltaket ved Dingemoen skule komplett. Gravearbeid i området vert avslutta med ein avgrensa anleggsperiode og samla kostnader vert redusert grunna koordinering av grunnarbeida.

Fjaler kommune kan tilby byggeleing for prosjektet.

Vedlagt teikningshefte og forslag til kostnadsdeling mellom Fjaler kommune og Vestland fylkeskommune for dette tiltaket

Arne Strand

Prosjektleder

Tlf: 57 73 80 51 / 951 91 798

e-post: arne.strand@fjaler.kommune.no

Heimeside: www.fjaler.kommune.no